

Karusellrennet er avlyst

16.01.2011

Det første karusellrennet skulle vore avvikla i Fjellhaugen i dag, men er avlyst, opplysar leiar i skigruppa i Uskedalen Ole Vidar Monsen.

**Rosendal Turnlag
skulle stått for dette arrangementet,**

Avlysinga skjer særleg på grunn av føret på vegen opp frå Omvikdalen. Vegen er speilglatt og det er nesten ikkje mogeleg å komma seg til Fjellhaugen, opplyser Monsen.

Det har vore gjort eit stort førehandsarbeid, også av uskedelingar, for å leggja alt til rette for rennet teknisk sett. Avlysinga er beklageleg, men uunngåeleg.